HJARTDAL KOMMUNE

Planprogram

for revisjon av samfunnsdelen av kommuneplanen

Hjartdal kommune

Høyringsutkast 29.4.25

Innhald

1. Samfunnsdelen av kommuneplanen som politisk styringsverktøy 3

2. Gjeldande samfunnsdel 5

3. Nasjonale forventningar og regionale føringar for planarbeidet 6


Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 6

Sentrale regionale planer gir føringar for planarbeidet i Hjartdal 7

4. Om planprosessen og samordning med anna planarbeid 7


1. Samfunnsdelen av kommuneplanen som politisk styringsverktøy

Samfunnsdelen av kommuneplanen er det overordna styringsverktøyet for kommunestyret. Den skal både ha lange liner og hovudmål for kommunen si utvikling og prioriteringar for valperioden. Detaljerte mål og tiltak utviklast gjennom strategiar og temaplanar under samfunnsdelen. Samfunnsdelen følgast opp av administrasjonen gjennom økonomiplanen, anna planarbeid og prioriteringar i sektorane.



Figur 1 Kommuneplanen er øverste styringsdokument i kommunen

Kommunestyret i Hjartdal vedtok gjennom kommunal planstrategi 30.10.24 å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel. Det er behov for å knytte kommuneplanen til valperioden og dagens situasjon og utviklingstrekk for Hjartdal kommune og for å bygge opp ein struktur som tydeleggjer prioriteringane innanfor valperioden. Tydeleggjering av prioriteringane i planen er ein føresetnad for at samfunnsdelen skal fungere som eit politisk styringsdokument og kunne følgast opp av administrasjonen i økonomiplanen, anna planarbeid og arbeid i sektorane. Prosessen med samfunnsdelen i denne perioden vil legge til rette for eit framtidig plansystem i Hjartdal kommune, der samfunnsdelen er knytt til valperiodane og der innhaldet i planen vert drøfta av kvart nye kommunestyre i starten av kvar valperiode.



Figur 2 Ny samfunnsdel vil få ein struktur som legg til rette for eit 4-årshjul for samfunnsdelen av kommuneplanen

Den nye samfunnsdelen for Hjartdal kommune skal ha arealstrategiar. Arealstrategiane vil ta utgangspunkt i arealstrategiane som ble vedtatt av kommunestyret gjennom pågåande prosess for kommuneplanens arealdel.

Viktige diskusjonar for kommunestyret vil vere om den gjeldande samfunnsdelen tar tak i viktige utfordringar for Hjartdal i dag, kva som skal vere de lange liner for vidare utvikling og kva som skal ha prioritet i denne valperioden.

Berekraftsmåla skal leggast til grunn for samfunnsplanlegginga, og i ny samfunnsdel vil det synleggjerast korleis desse følgast opp gjennom føringar og prioriteringar i planen.

2. Gjeldande samfunnsdel

Gjeldande samfunnsdel ble vedtatt i 2017. Planen har visjonen «Hjartdal – det nære alternativet». I planen er det definert tre satsingsområde:

- Det gode vertskap
- Det grøne alternativet
- Det nye blikket

Under kvart satsingsområde er det definert hovudmål for korleis Hjartdal kommune skulle sjå ut i 2027, sjå tabell under**Error! Reference source not found.Error! Reference source not found.**. Til kvart mål er det knytt strategiar for korleis ein skulle nå måla, totalt 78 strategiar.



Det gode vertskap	**Mål 1**	**Mål 2**	**Mål 3**	**Mål 4**	**Mål 5**
	Innbyggjartalet har gått opp til minst 1700 innbyggjarar	Brukarane av kommunale tenester er nøgde med servicenivået	Innbyggjarane opplever tryggleik, meistring, og livskvalitet.	Det er kome 300 nye fritidsbustader i kommunen	Hjartdal kommune er ein attraktiv arbeidsplass
Det grøne alternativet	**Mål 1**		**Mål 2**	**Mål 3**	**Mål 4**
	I Hjartdal kommune har alle eit stimulerande nærmiljø med moglegheit for eit aktivt liv		Potensialet som ligg i primærnæringa er betre utnytta	Natur- og kulturarv blir utnytta i den lokale verdiskapinga	Den kommunale organisasjonen er miljøvenleg
Det nye blikket	**Mål 1**		**Mål 2**		**Mål 3**
	Hjartdal kommune har brukarvenlege og framtidsretta tenester		Hjartdal kommune har eit framtidsretta næringsliv		Hjartdal kommune nyttar frivillige som ein ressurs

3. Nasjonale forventningar og regionale føringar for planarbeidet

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging



Nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging blir vedtatt ved kongeleg resolusjon kvart valår og skal leggast til grunn for planlegginga i valperioden. I forventingane for 2023-27 peikast det på at Norge har gode føresetnadar for å nå mange av berekraft-måla innan 2030. Vi har likevel utfordringar med å nå måla om reduserte klimagassutslepp, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av naturmangfald og mindre ulikskap. Planlegginga skal bidra til å fremme berekraftig utvikling, og regjeringa forventar at berekraftsmåla vert lagt til grunn for den overordna samfunnsplanlegginga.

Følgande hovudtema vektleggast i forventningane:

Trygge og inkluderande lokalsamfunn med

- Levande, byer, tettstader og bygder
- Nok og varierte bustader
- Gode fysiske rammer for kvardagslivet
- Natur- og kulturmiljø som ressurs
- Betre levekår og folkehelse
- Varierte møteplassar og tilbod

Velferd og berekraftig verdiskaping

- Legge til rette for grøne industrinæringar
- Tilgang på kompetanse, arbeidskraft og gode tenester
- God infrastruktur som grunnlag for verdiskaping
- Tilrettelegging for natur- og kulturbasert reiseliv
- Verdiskaping i ein sirkulær økonomi

Klima, natur og miljø for framtida

- Heilskapleg planlegging for å nå klima- og miljømåla
- Forebygge klimagassutslepp og sikre mulighetene for karbonopptak
- Bevare naturmangfald, friluftslivsinteresser og kulturmiljø
- Rene og rike vatn og vassdrag

Samfunnstryggleik og beredskap

- Naturfarer og klimatilpassing
- Forsvarets arealbehov
- Vern av dyrka jord

- Rent og trygt drikkevatn
- Analysar av risiko- og sårbarheit som grunnlag for betre planer

Regjeringa forventar at kommuneplanens samfunnsdel skal omfatte arealstrategiar som gir føringar for kommuneplanens arealdel.

Sentrale regionale planer gir føringar for planarbeidet i Hjartdal

Gjennom følgande planer gir regionale styresmakter rammer for samfunnsplanlegginga i Hjartdal:

- Telemarksplanen. Regional planstrategi 2024-2028
- Regional plan for samordna areal og transport i Telemark (ATP Telemark)
- Regional plan for folkehelse
- Regional plan for klima- og energi
- Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken
- Vestfold og Telemark – der mennesker møtes. Kulturstrategi
- Regional kompetansestrategi Vestfold og Telemark
- Regional plan for reiseliv og opplevelser
- Regional strategi for forskning, innovasjon og næring

4. Om planprosessen og samordning med anna planarbeid

Jf. plan- og bygningsloven §§4-1 og 11-3 skal det utarbeidast eit planprogram (dette dokumentet) for planarbeidet, som skal sendast på høyring i 6 veker før det kan fastsettast av kommunestyret. Eventuelle merknader til planprogrammet sendast Hjartdal kommune innan 27.6.25.

I planprosessen vektleggast den politiske diskusjonen om retning og prioriteringar for Hjartdal kommune før det vert opna for medverknad og diskusjon om planforslaget. Kommunestyret vil difor hausten 2025 diskutere innhaldet i gjeldande samfunnsdel og endringar av denne i politiske verkstader. Diskusjonen vil ta utgangspunkt i eit kunnskapsgrunnlag om dagens situasjon og utviklingstrekk for Hjartdal kommune. Med utgangspunkt i resultatet frå verkstadene utarbeider administrasjonen eit planforslag som etter politisk behandling leggast ut til offentleg debatt og sendast på høyring vinteren 2025. Endeleg vedtak av ny samfunnsdel er planlagt vinter 2026.

Råd og utval vil bli involvert i prosessen før forslag til samfunnsdel av kommuneplanen blir lagt fram til 1.gangs behandling.

Kommuneplanens arealdel for Hjartdal er under revidering og vil bli lagt fram til 1.gongs behandling i mai. Temaplan for helse og omsorg vil bli utarbeida parallelt med kommuneplanens samfunnsdel.